



Notat

Dato: 23.04.2019
Arkivsak: 2018/16480-89
Saksbehandlar: marsoh

Til: Fellesnemnda
Fylkestinget

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale frå fylkeseldrerådet i Hordaland om reglement for medverknadsorgana i Vestland fylkeskommune

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama føreslått reglement for fylkeseldrerådet i nye Vestland fylkeskommune i PS 43/19 i møtet 11.04.19.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er tilfreds med at vi er høyrde i den nye forslaget til reglement for fylkeseldrerådet, slik det sett fram frå prosjektleiar.

Vi er tilfreds med at talet på rådsmedlemar vert utvida til ni medlemar, med sju frå fylket sine omfattande pensjonistforeiningar og to politikarar. Vi ynskjer likevel at leiar og nestleiar skal veljast blant representantane frå pensjonistorganisasjonane.

Vi vonar forslaget til reglement slik det ligg føre, men med vår endring om at val av leiar og nestleiar skal veljast blant representantane frå pensjonistorganisasjonane, vert vedtatt. Vi er også samde i at eventuelle endringar i forskrifta om eldreråd som no er ute til høyring, vil verte innarbeida i reglementet på eit seinare tidspunkt, når dei føreligg frå departementet.